



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje Sokneråd

Sogndal 28.01.2021

Protokoll - møte i Stedje sokneråd onsdag 28.01.2021 kl 19.30 på Kyrkjekontoret

Desse møtte: Mikael Bruun, Bente Karin Vathestad, Berit Amundsen, Eldbjørg Reppen Ølnes, Helge Torstad, Kari Torhild Kvåle, Hans Magne Kvåle, Bjørn Skjeldestad og Per Hilleren.

Opningsord v/Mikael Bruun

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend

Godkjenning av protokoll frå møte 08.12.2020.

Protokoll frå møte 08.12.2020 vart samrøystes godkjend med følgjande merknad: Helge Torstad beklaga at svarbrev frå biskop Nordhaug datert 6.10.2020 ved ein glipp ikkje var lagt fram for soknerådet.

Orienteringssaker:

1. Notat frå møtet i arbeidsgruppa for innvandrarak 13.01.21. (Vedlegg var lagt ved innkallinga)
2. Rekneskap for Stedje sokneråd 2020. (Rekneskap 2020, kommentar til rekneskapen 2020 og midlar til piano pr. 31.12.2020 var lagt ved innkallinga) Dette vart sendt ut no, men gjennomgang av rekneskapen blir føreteke av kasserar Leif Arne Nordheim på neste møte den 04.03.2021.
3. Nabovarsel på utviding av Stedje kyrkjegard. (Vedlegg lagt ved innkallinga)
Ingen merknader frå soknerådet.
4. Orientering om gjennomføring av konfirmasjonsgudstenestene i Stedje våren 2021. Det blir munnleg orientering frå leiar. Sjå også sak 3/21.
5. Referat frå møte i diakoniutvalet, 25.01.21. (Vedlegg var lagt ved innkallinga)
6. Orientering frå ulike utval som soknerådsmedlemmane er med i.
7. Samarbeid med Ungdom i Oppdrag. Soknepresten og Kari Torhild Kvåle orienterte. Ungdom i Oppdrag ønskjer å etablere eit team eller ein base i Sogndal og kjøpa seg inn i Nils-huset. Dei vil vere eit ressursmiljø for kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid, ikkje drive sitt eige arbeid. Soknerådet ber om eit informasjonsmøte med Ungdom i Oppdrag. Per Hilleren, Hans Magne Kvåle og Kari Torhild Kvåle vil representere soknerådet i det vidare arbeidet med denne saka.

Vedtakssaker:

AU hadde møte i forkant av dette møtet kl 18.30-19.30.

Sak 01/21 Offertildeling første halvår 2021.
På sist møte vart det tildelt offer for berre januar månad, då medlemmane ynskte noko meir tid på å gå gjennom søknadene. No har det ikkje vore gudstenester hittil i januar, og vi veit ikkje når det kjem i gang att. Likevel kan vi tildele på dei gudstenestene som er fastsett fram til sommaren, og håpe på at det snart blir gudstenester att. Fullstendig oversikt over offersøknadene vart sendt ut til førre soknerådsmøte.

Vedtak: Dei tildelingane som vart gjort vedtak om på førre møtet, har pga korona-nedstenging ikkje vorte noko av. Dei vert vidareført. Elles vert dei vedtekne tildelingane frå våren 2020 vidareført i 2021. Tildelingane for hausten vert teke på eit seinare møte.

Sak 02/21 Tekstlesarkurs hausten 2021. (Saksutgreiing frå diakon Gitte Th Torstad var lagt ved innkallinga)

Vedtak: Soknerådet ønskjer å tilby kurs etter alternativ 1.

Sak 03/21 Konfirmasjonar i Stedje kyrkje fram til 2028. (Vedlegg lagt ved innkallinga). Det er ynskje frå Andreas Danbolt at soknerådet tek opp denne saka til drøfting.

Vedtak: Soknerådet støtt framlegget frå Andreas Danbolt. Dersom smittevernreglane gjer det vanskeleg med konfirmasjonar våren 2021, tek kyrkjekontoret i samarbeid med prostane avgjersle om gjennomføring av konfirmasjon i samråd med skriv frå kyrkjeveverje datert 28.01.2021.

Sak 04/21 Drøfte og kartlegge behov for frivillege.

Vedtak: Sjå sak 5/21

Sak 05/21 Rapportere på måloppnåing for det frivillege arbeidet.

Vedtak: Vi ber om at frivilligkoordinator Inger Pedersen rapporterer om måloppnåinga for det frivillige arbeidet tilbake til soknerådet. Helge Torstad fastset ein fristdato i samråd med Inger Pedersen.

Neste møtet i soknerådet: 4. mars 2021.

Møtet slutt klokka 21.00

Helge Torstad
Leiar soknerådet

Berit Amundsen
Sekretær soknerådet